



Preses Olav Fykse Tveit:

Preike på frigjerdingsdagen 8.mai 2025, Akershus slottskyrkje.

DÅ FREDEN KOM

Dette var ein setning eg ofte høyrd i min heim.

8.mai var for mi mor det store skiljet i livet. Den dagen endra alt. Det var som ein ny fødsel, ei ny tidsrekning. Heile livet vart delt i før, under og etter krigen, men det store skiljet var «dagen då freden kom». Det var som om ho omtalte sin beste ven som kom på besøk, for å bli der for resten av livet: Då freden kom.

Bakteppet var forteljingane ho ofte delte frå ei ung kvinnedes oppleveling av kor mørkt det var under krigen. Bokstaveleg og i overført tyding. Som sjukepleie-elev frå Hardanger gjekk ho og var redd i dei mørklagte gatene i Oslo. Alle lys frå heimane rundt omkring var blenda med påbudte blendingsgardiner. Dessutan la det rettslause samfunnet skapte mistillit og låg som eit mørkt teppe over alt liv.

Kanskje difor var det teiknet som fekk ho til å tru at krigen var over, så sterkt. Ryktene gjekk den 7. mai, men det var først då ho såg at det brann bål ute på gatene om kvelden at ho var sikker. Folk brant blendingsgardinene sine. Det var tid for å møtast ope, trygt, fritt og i vårens lyse maikveld.

Slike forteljingar er del av barnelærdomen for generasjonen fødd etter krigen. Dei har ein ressonansbotn i den berømte teksten med saligprisningane som vi nettopp har hørt. I møte med vår tids, med dagens realitetar, har dei noko å seie på ein frigjerdingsdag.

-

Salige er dei som hungrar og tørstar etter rettferd.

Sæle dei som skaper fred, dei skal kallast Guds born.

-

For det første: Fred er det første og største. Utan fred er det som om lyset i livet manglar. Det er føresetnaden for eit liv prega av tillit og trygge rammer, som igjen kan gi rom for alle. Det store ordet «fred» i Bibelen ber i seg alt det som kjem fram i dei opphavlege orda «shalom» eller «sa'alam». Det er berre den som har opplevd å leve under krigens vilkår, som forstår dette fullt ut. Fred og rettferd heng saman. Dei kjem som to vener, og saman med dei kjem slike som gjensidig tillit til kvarandre, rettssamfunn, demokrati, tryggleik, helsevesen, skule og utdanning for alle, trusfridom, ytringsfridom, stabil økonomi, rettferdig fordeling av goder og mykje meir.

I dag vert vi minna om at det er ikkje sjølvsgått at freden og venene hans er her. Freden er kostbar, mange må ofte betale ein svært høg pris for han.

Nokon har stått i fronten og kjempa for den. Dei heidrar vi i dag.

Men alle, eit heilt samfunn, må stille opp og yte sin ekstra innsats for at freden skal vinnast og vernast. Ikke minst er det mange kvinner som må det, og deira innsats har ikkje alltid vore heidra slik det skulle.

Det andre ligg i dei heilt spesielle uttrykka i saligprisningane. Det er tale om ei haldning som fører til handling. Å tørste etter rettferda, å skape fred. Det er meir enn ei å ha ei meinings eller ein draum. Det er i haldningane vi viser kva vi står for – i relasjon til dei grunnleggjande spørsmåla i livet. Dei syner seg i dei relasjonane vi står i, som einskildpersonar, men også som samfunn, som nasjon. Handlingar viser seg i handling og livsmønster.

Desse grunnleggjande haldningane, får sin heilt spesielle omtale i Bergpreika. Salig. Sæl. «Happy», har nokon prøvd seg med i moderne omsetjingar. Men det stikk nok djupare enn det. Det er ein tilstand som kan opplevast her og no, men som også nettopp ikkje er det. For det er ei haldning som peikar utover det ein opplever, ja, tvert imot det ein ser og kjenner. Det peikar inn i framtida. Ja, til og med ut over tida, ikkje som ein verdensflukt, men som motivasjon til å tru. Til å ha trua på at ei anna verd er mulig.

Dette «salig» er eit guddommeleg merke på noko djupt menneskeleg: Ønsket om fred, og viljen til å skape den, ja handlingane for å skape den. Lengten, tørsten etter rettferd - og difor det ein gjer for å møte denne tørsten, er også gitt av Gud.

Det sant menneskelege og det guddomlege møtest i desse orda. Dei viser oss vårt ansvar som menneske, og Guds løvnad om at det ikkje skal vere fånyttes å ta dette ansvaret. Det skjer når det sant menneskelege, forstått som det som er det beste i oss, det humane, får plass og set standardar for våre handlingar.

Det sant menneskelege, humane, er gitt oss i Jesus og hans eige liv og eksempel. Det innebar både liv og død for det han var kalt til å gjere.

Dette er ikkje ein dyrking av døden, heller ikkje ein forherligelse av offer eller martyrium i seg sjølv. Men det er ei erkjenning og ei anerkjenning av at det kan vere nødvendig med den store, ja, den største omkostningen, for å oppnå det aller beste: Fred og rettferd.

I dag erkjenner og anerkjenner vi den innsats og dei haldningane som så mange viste under krigen og etter den for å vinne og ta vare på freden og rettferda. For oss, og for andre.

Vår foreldregenerasjon venta i over fem år på å sjå at det kunne bli fred. Likevel var det mange som trudde både på fred og rettferd.

Nokon var villig til å ofre mykje, nokon var villige til å ofre alt, sjølv livet, for at det skulle verte slik – ein dag.

Menge måtte leve det meir eller mindre ordinære livet dei hadde, gjere dei daglege oppgåvene, og la håpet om fred bli ståande som ei dagleg drivkraft – trass alt. Som sjukepleiarane bar pasientane ned og opp av tilfluktsrom når flyalarmane gjekk.

-

I dag er det mange, alt for mange og mange fleire enn på lenge, som opplever at mange håp om fred og rettferd vert brotne sund av nye bomber, nye ruinar, nye kriser med mangel mat, vatn, medisiner - det aller mest nødvendige.

Ein kan undrast korleis dei held ut. Og kanskje gjer dei ikkje det. Kanskje gjer dei det, trass i alt, det er ikkje andre alternativ.

Salige er dei som skaper fred, som hungrar og tørstar etter rettferd. Dei skal bli metta.

Det er ikkje Gud vi har mista trua på, men menneskeheita, sa ein palestinsk prest. Dei som heldt ut, som likevel har trua, som med tillit går vidare – og legg livet i Guds hand. Dei skaper noko nytt, noko meir. Ja, det er slik det vert skapt fred, når vi gir mot til andre, gjennom handlingar og ord.

Det trengst haldning for å tru på det ein ikkje ser. Vi treng å gi kvarandre teikn på at vi trur – og handlar deretter. Vi treng å legge meir på dei båla som gir oss og andre håp.

Difor takkar vi for og feirar vi på ein frigjerdingsdag.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage Ande, som var, er og vere skal, ein sann Gud frå æve og til æve. Amen